

Utvalg:	Forskningsutvalget	Dato: 08.05.2024
FU-sak: 16/24		Arkivsaknr.: 24/2463

Systemmeldinga – innspel frå UiB

Bakgrunn

Regjeringa varsla i stortingsmelding 5 (2022-2023) Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, ei gjennomgang av forskningssystemet i Noreg. Stortingsmelding om forskningssystemet er venta i 2025. I 2023 ba departementet om råd angående Forskningsrådet (sjå [UiBs innspel](#)), og konkluderte med at systemet var best tent med ei vidareføring av eit einhetlig forskingsråd. I 2024 har departementet invitert til ein eigen innspelsrunde med frist 2. mai, med fokus på aktuelle forskingspolitiske problemstillingar knytt til samfunnsendringar og utviklingstrekk innan tema:

- digitalt teknologiskifte
- geopolitisk situasjon
- ta kunnskap raskare i bruk
- oppdragsmarknaden
- tverrsektoriell samordning

Departementet opna og for andre relevante innspel. Saka har vore på høyring ved fakulteta, og lagt fram for drøfting på dekanmøtet.

UiB har gjeve følgande overordna innspel:

- Forskingssystemet må innrettast med eit langsiktig blick slik at det sikrar høg kvalitet i forskning, både når det gjeld grunnforskning, anvendt forskning og forskingsbasert innovasjon. Verkemiddel som styrker den frie grunnforskinga, som eksempelvis SFF-ordninga og FRIPRO, må ha ein tydeleg prioritet.
- Etikk, transparens og integritet i forskning skaper tillit til vitskapen, og må vere grunnleggjande for eit forskningssystem.
- Systemmeldinga bør skildre roller, arbeidsdeling og samarbeid mellom aktørane, institusjonane og sektorane i systemet, inkludert Forskningsrådets nasjonale monopol som konkurransearena og aktør for å følgje opp dei forskingspolitiske prioriteringane frå regjeringa.
- Ein bør vurdere om sektorprinsippet kan utviklast vidare og ved å satse på ei forskingsavdeling i KD som i god dialog med forskingsinstitusjonane i større grad kan koordinere dei store nasjonale og internasjonale prosessane.
- Meldinga må anerkjenne universitetet si rolle i systemet – som internasjonale, strategiske einingar, som er tyngdepunkt for eit forskningssystem og som utdannar framtidens kompetanse. Forskingssystemet, gjennom universiteta, heng saman med utdanningssystemet og forskarutdanninga.
- For å sikre høg vitskapeleg kvalitet og internasjonal konkurranseevne bør Forskningsrådet ha tydelegare skilje mellom dei tre ulike hovudområda, framifrå vitskap, tematisk forskning og forskingsbasert innovasjon, og forankre arbeidet betre mot dei vitskapelege miljøa. Av ei

samla finansiering på nesten 82 milliardar kroner til [FoU i 2021](#), gjekk anslagsvis 17% til grunnforskning, 38% til anvendt forskning og 44% til utvikling

- Noreg treng konkrete tiltak for større mangfald i finansiering av forskning. Døme kan vere oppbygging av eit sjølvstendig grunnforskningsfond.
- Kunstnarisk utviklingsarbeid må plasserast som ein del av det norske forskningssystemet

Saka leggst fram for Forskingsutvalet til orientering.

Vedlegg: UiBs [høyringsinnspel](#)